

TV-kampen: Tap i siste minutt.

30.07.2014



Dessverre kom målet eit minutt før full tid.

Kvinnherad sitt juniorlag spelte i ettermiddag mot Holmlia i Norway Cup. Det vart ein spennande kamp der Kvinnheradsungdommene gjorde ein god figur. TV2 laga ei flott ramme om kampen og brukte velkjende fotballreportarar som Kaspar Wikestad og Mini Jacobsen i sendinga.

Etter ein tett og forholdsvis jann 1.omgang var stillinga 0 - 0 ved pause. Ut over i 2.omgang tilreiv Holmlia seg meir og meir av initiativet, fleire av spelarane stod fram som store fotballtalent. Likevel stod Kvinnheradslaget svært godt i mot, og dei heldt nullen til berre eitt minutt var att av speletida på 2 x 30 minutt. Då sette Holmlia inn den avgjerande scoringa. Dermed vart det eittmålstap. Litt surt var det nok for gutane med tanke på tidspunktet målet kom. Likevel fekk dei ei flott oppleving som dei heilt sikkert vil sjå tilbake på med glede. Dei har god grunn til å vera stolt av innsatsen sin!

Bydelen Holmlia har fostra mange gode fotballspelarar. Vi kan nemne dei kjende utanlandsproffane Mattis Bolly(Tyskland), Muhammed Fellah(Polen) og Jonathan Parr(England). Sistnemnde sin familie var og godt representert under dagens kamp. Veslebroren Benjamin var sentral spelar medan faren Roger Parr var ein av trenarane for laget.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.